



Notat

Dato: 03.02.2015
Arkivsak: 2014/12111-2
Saksbehandlar: helhaav

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fleirbrukshall i Åsane - svar på spørsmål i FU 04.12.2014

Det vert vist til møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 04.12.2014 om følgjande:

«Silje Hjemdal spurde om kontakten med Bergen kommune er formalisert når det gjeld ønske om ny fleirbrukshall i Åsane.
Fylkesrådmannen vil komme med svar.»

Ved handsaming av skulebruksplanen i fylkestinget i mars 2013 vart utdanningsprogramma for dei to framtidige skulane i Åsane vedteke. Tertnes vgs skal ha 735 elevplassar på studiespesialiserande med toppidrett. Nye Åsane vgs skal ha 1070 elevplassar derav 180 plassar på idrettsfag men ikkje studiespesialiserande..

Under programmeringsarbeidet for nye Åsane vgs kom det fram at Åsanehallen som i dag nyttast av U. Pihl vgs og Åsane vgs ikkje har kapasitet for elevtalet på den nye skulen. Det er spesielt idrettsfag som krev mykje kroppsøvingsareal, og programmeringsarbeidet viste at det var trong for to handballhallar som kvar kan delast i tre. Dette er det doble av Åsanehallen som berre har ein handballbane.

Fylkesrådmannen var kjend med planane til Bergen kommune om å byggje ny fleirbrukshall på Myrdal i Åsane med minst to handballbanar. Området ligg like i nærleik av den nye skulen, og ein nye fleirbrukshall ville stette trongen til kroppsøvingsareal for den nye skulen. Forslaget i skulebruksplanen om 180 elevar på idrettsfag på nye Åsane vgs var tufta på at fleirbrukshallen på Myrdal vart bygd.

Det vart teke kontakt med idrettsseksjonen i Bergen kommune om planane for fleirbrukshall i Myrdal. På møte 16.01.2014 og 12.9.2014 kunne Bergen kommune ikkje love når ein ny hall kunne stå klar. Det vart difor sett i gang utgreiing om å flytte idrettsfag til Tertnes vgs. med bygging av ein ny stor idrettshall. På møte 18.11.2014 vart Bergen kommune orientert om planane til fylkeskommunen. Det vart også opplyst at ein arbeidde med ein sak til fylkestinget om å endre vedtaket i skulebruksplanen knytt til idrettsfag i Åsane. I møtet vart det opplyst at Bergen kommune no hadde satt i gang ei utgreiing om å byggje fleirbrukshall i Myrdal innan 2018. Dette ville vere tilfredstillande for våre opphavlege planar om idrettsfag ved nye Åsane vgs. På nye møter med kommunen, 15.12.2014, 15.01.2015 og 30.01.2015 er planane vorte meir konkretisert, og administrasjonen i Bergen kommune meiner nå å kunne ha ein ny fleirbrukshall i Myrdal klar til utgangen av 2018.

Kommunen sin plan er å bygge ny fleirbrukshall der to handballbanar som kvar kan delast i tre salar vert leid ut til fylkeskommunen i skuletida. Dette er tilsvarande den avtalen vi i dag har for Åsanehallen der fylket leigar heile hallen måndag til fredag frå 0800-1600 i 38 veker i året. Då Åsanehallen vart bygd i 1990 betalte HFK inne et innskot på 7 mill. kr. som gjer oss ei leierett med uavgrensa varigheit. I tillegg betalar vi berre leige knytt til drift og vedlikehald. Skal Åsanehallen avviklas må denne leigeretten vidareføres til den nye fleirbrukshallen på Myrdal.

Får å kunne behalde idrettsfag på Nye Åsane vgs må ein inngå ei intensjonsavtale med Bergen kommune som er politisk forankra. Avtalen må innehalde prinsipp for berekning av leigekostnader, leigetid og fellesutgifter knytt til drift og vedlikehald. Fylkesrådmannen tek sikte på å kunne leggje ei intensjonsavtale fram for fylkestinget i juni 2015.